

KONTAKTUTVALET FOR IDRETTSLAGA
I OSTERØY

Å r s m e l d i n g 1 9 7 8 .

Kontaktutvalet har hatt 5 møte i året, dei fire på Hatland, det femte på Hjellvik. På årsmøtet 8/3, var idrettskretsen representert v/sek. Hannestad.

Idr.l. sine representantar i utvalet har vore:

Osterøy Idr.l. : Olav Johan Hatland, Arnljot Rongved
Mjøsdalen " : Jostein Loftås, Audun Hellevang
Fotlandsvåg" : Yngve Fitje, Gerry Nesheim
Hausvik Fotb.kl. : Håkon H. Åsheim
Hjellvik Idr.l.: Olav Hjellvik, Agnar Hjellvik

Formann: Agnar Hjellvik
Sekretar: Olav Hjellvik
Kasserar: Håkon H. Åsheim
Nestform. Audun Hellevang

I løpet av året har Valestrandfossen Idrettsforening kome til som nytt lag og er medlem i K.U. frå årskiftet.

Kontaktutvalet har også dette året hatt mange saker oppe til drøfting. For ein del er dette saker som har vore arbeidd med tillegare, det gjeld t.d. avissaka og langtidsbudsjetteringa/idrettens generalplan. Desse to sakene er enno uløyste. Sameleis er det med sentralidr.anl. på Hatland. Bortsett frå utskytinga av steinmassane sør for rådhuset, har ikkje kommunen synt interesse som tyder på noko vidare framdrift i næraste framtid. I K.U. har det vore framlegg om å få til ein ny konferanse med repr. for kommunen. Men i fall konferansen/kurset "Idrett i kommunen" kjem i gang, ville dette truleg vera ein mykje betre måte å fremja idretten sine interesser på både når det gjeld utbygginga av idrettsplassar og andre ting.

Kursverksemd. B-kurset i trim har to gonger vore nær ved å bli ein realitet, men bae gongene har eitt eller anna klikka. Til sist fekk ein i stand kurset "Trim med musikk" med Jan Rognalisen, Bergen som leiar og 14 kvinnelege deltakarar. Idr.kr. hjelpte til med å få arrangert kurset. - Sameleis har idrettskr. hjelpt til med kurset i samb. med laga sin overgang til "Idrettens kontoplan". Dette kurset vart halde i Sparebankforeningen sin regi. Osterøy Sparebank stilte lokale til disposisjon på Valestrand og spanderte attpå servering til deltakarane. Banksejer Årli var lærar og Kjlberg frå Idr.kr. kursleiar. Laga hadde sendt 7 delt. til kurset. Mange fleire burde ha vore med.

Økonomi. K.U. har gjort sitt beste for å auka idr.l. sin del av kulturmidlane, noko som har luknast berre delvis. Medan idretten i 1977 fekk kr. 24.500.- til deling på laga (br. kr. 28.000.-), oppnådde ein i 1978 å få kr. 37.778.- (br. truleg ca. kr. 40.000.-) Kontaktutvalet sin del av dette er kr. 4722.-, berre kr. 300.- mindre enn ein hadde budsjettert med - Laga sine repr. i K.U. har vore samde om delingsnøkkelen, og Kulturstyret har fylgt K.U. si tilråding på dette punktet.

K.U. sin økonomi er med dette lysare enn nokon gong før i historia, og det er å vona at dette er ein tilstand som vil vara vel.

✓
Plakattenesta Den nye plakaten er laga i samsvar med eit av Ove Hellen sine utkast. Reglar for bruken av plakata er under utarbeiding, og plakaten har alt vore i bruk for første gong. Trykkjekostnadane har Osterøy Sparebank lova å ta, ca. 2000 kr. for 3000 plakatar. Det vil verta sent takkeskriv til banken.

Idrettsleir vart det ikkje denne sommaren heller, noko underskrivne truleg får ta største ansvaret for. Kunne ein finna fram til folk som har interesse, tid og evne til å ta seg av ei slik oppgåve, er det sjølv sagt von om at ein slik leir kan koma i gang dette året.

Hordiaden. Så vidt ein veit skal lag frå Osterøy ha delteke ei ein-skilde av dei oppsette øvingane, m.a. fotball for lilleputtar der Valestrand og Hjellvik spela kvalifiseringskamp.

Oster-meisterskapane. Etter vedtak i K.U. skal osterøymeisterskapane heretter heita ostermeisterskapane, dette m.a. for å sleppa namnekolisjon med Osterøy Idr.l. sine klubbmeisterskap. Når det nye namnet blir innarbeidd, reknar ein med at det vert akseptert av alle.

Arrangørar av Ostermeisterskapane 1978:

Innadørsmeisterskapen i hopp : Osterøy Idr.l./Mjøsdalen Idr.l.
Terrengløp : Osterøy Idr.l.
Friidrett: Osterøy Idr.l./Mjøsdalen Idr.l.
Orientering: Hjellvik Idr.l. (ikkje tilskipa dette året)
Langrenn: Osterøy Idr.l.

Straumsparing - stenging av skular. K.U. har sent skriv til skulestyret med oppmoding om å finna andre utvegar til sparing enn å lata dette gå utover idrettslaga sitt arbeid slik tilfellet vil vera om skulane berre skal haldast opne 4 dagar i veka.

Arbeidet ute i laga tykkjest å gå godt. Oppslutningen om dei ymse aktivitetane er aukande, og problemet for laga er å skaffa peygar nok og mange og dyktige nok leiarar til å ta seg av oppgåvene på dei ulike felt.

Samarbeidet med Hordaland idrettskrets har vore det beste. Idr.kr. står alltid til disposisjon når me treng råd eller hjelp til eit eller anna. Kretsen sin kontaktutvalskonferanse på Voss var vellukka, og formannen møtte for Osterøy.

Konklusjon. Kontaktutvalet har lagt eit nytt arbeidsår bak seg. Til freids kan me ikkje vera med det som er gjort, men me har prøvt å gjera vårt beste. Innan idrettssektoren er det uhorveleg mange oppgåver som ventar på å bli tekne opp og løyste, og kontaktutvalet k a n bli ein viktig faktor i arbeidet med å sentar.
Takk til kontaktutvalsmedlemene for godt samarbeid!

Hjellvik i mars 1979.

Agnar Hjellvik
form.